



Dyktig med gitaren: Gjermund Fredheim frå Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Pengane kom utruleg godt med og eg har fått kjøpt meg det utstyret eg ønska meg samtidig som eg har fått reist.

Det skriv uskedelingen Gjermund Myklebust i ei tilbakemelding til kommunen. Han fekk stipendet i 2007 og som har imponert mange med sitt klassiske gitarspel.

Gjermund opplyser at han var ti dagar i Madrid og Barcelona for å ta timar og jobba med masteroppgåva si. Han har og brukt pengar til reising til og frå konsertar og konkurranse.

Til dømes har han kjøpt ny gitarkasse, for den gamle vart øydelagt under reisa til Spania.

Enno har han ein del pengar igjen og det vil bli brukt til våren, truleg på reise til ein gitarkonsert i Italia samt fleire konsertar med gitarduoen.

Han seier tusen takk til kommunen for at han fekk denne mogelegheiten.

Av Ola Matti Mathisen